


Kvamslia 1

Namn på plassen	Kvamslia, Kvamsløkken, Otterlia, Kvamsgjerdet?
GPS-posisjon (UTM 32V)	EU89 UTM33 7025017N 241366Ø
Høgde moh	135
Tilstand	Ny hytte
Plass under	Kvammen
Gnr. Bnr.	Under 21/1. 21/11 fra 1927
Tidsperiode	1753-56, 1823-1917
Ole Kvamsgjerdet	1753-56
Otter Erichsen	1823-56
Johannes Paulsen	1864-1902
Ole Johnsen	1902-17
Omtale:	Gardtales i Orkdal I side 263



Flyfoto 1957



I perioden 1753-56 finn vi Ole og Marit Kvamsgjerdet som faddere. Vi finn ikkje namnet Kvamsgjerdet på andre tidspunkt. Det må være lov å forutsette at dette er Kvamslia.

Den neste husmannen ein kjenner til er Otter Eriksen og Marit Simensdtr. Dei fekk fem barn: Karen 1817, Barbro 1823, Erika 1827 død 1848, Ingebor 1832, og Randi 1835. Karen var født i Børsa.

Da Otter døydde i 1856 står han oppført som gardmann på Tuflåt. Han har sannsynlegvis overtatt Tuflåt 22/3 som vart utskilt i 1857. Første eier er Christen Torstensen Furuhaug som vart gift med Kari Ottersdtr i 1855, dotter til Otter Kvamsli.

Ingeborg Ottersdtr vart i 1855 gift med Tron Iversen Ljøkel. Barbro Ottersdtr vart i 1857 gift med John Simonsen Klingen, og var i 1865 gardbrukar på Rønningen. Randi Ottersdtr vart i 1868 gift med enkemannen på naboplassen på Kvamslia, Edvard Olsen. Sjå Kvamslia 2.

Litt før 1865 flytta ein ny familie inn som husmann. Det var Johannes Paulsen født 1825 i Froen i Gudbrandsdal, gift med Ingeborg Nilsdtr født 1829 i Orkdal. Dei hadde borna Karen født i 1858 i Trondheim og Peter født 1865 på Kvamslia. I 1868 fekk dei sønnen Nils Edvard som døydde året etter.

Ved folketellinga i 1875 bodde familien her med logerende Seri Haldorsdtr født 1841 i Børseskogn med sønnen Helmer Martinussen født 1867. Ingeborg Nilsdtr døydde i 1898.

Peter Johannesen reiste til Amerika i 1888, og Karen Johannesdtr i 1889. Karen returnerte.

Ved folketellinga i 1900 var Johannes enkemann. Dattera Karen bodde her sammen med mannen Ole Johnsen født 1860 og dottera Johanna Jensine født 1872. Johannes døydde i 1902.

Karen og Ole var dei siste husmannsfolka på Kvamslia. Dei fekk kjøpt husa og eit jordstykke av Bendt Tuflåt i 1917, på ei flate mellom Tuflåt og Kvamslia, der garden Solberg ligg nå.

Folketelling 1865

Fornavn	Etternavn	Famstatus	Yrke	Sivstand	Alder	Kjønn	Fødested
Johannes	Pauls.		Huusmand med Jord	g	40	m	Froen i Gudbrandsdal
Ingeborg	Nilsd.	hans Kone		g	36	k	Ørkedalen
Karen	Johannesd.	deres Datter		ug	7	k	Trondhjem
Peter	Johannes.	deres Søn		ug	1	m	Ørkedalen

Folketelling 1875

Fornavn	Etternavn	Familiestilling	Alder	Siv.st.	Yrke	Kjønn	Fødested	Født
Johannes	Pauls.	hf	51	g	Husmand og Snedker	M	Nordre Froen	1824
Ingeborg	Nilsd.	Kone	48	g	Hans Kone	K	Ørkedalen	1827
Karen	Johannesd.	d	17	ug	Hjelper Foreldrene	K	Ørkedalen	1858
Peter	Johannes.	s	11			M	Ørkedalen	1864
Seri	Haldorsd.	Logerende	34	ug	Sypige	K	Børseskogn	1841
Helmer	Martinus.	Hendes s	8			M	Ørkedalen	1867

Folketelling 1900

Fornavn	Etternavn	Familiestilling	Alder	Siv.st.	Yrke	Kjønn	Født
Johannes	Paulsen	Hf	76	e	Husmand. m J	M	1824
Ole	Johnsen	Svigerson	40	g	Kurvbinder.	M	1860
Karen	Johannesd.	Hm	42	g	Kurvbinderkone.	K	1858
Johanna Jensine	Olstd.	D. (til no. 2)	3	ug	Datter.	K	1897